



Arkoconsult AS
Lena Lekve

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/12651 - 20/61443

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
30.09.2020

Svar på søknad om dispensasjonssøknad ved gbnr. 137/433

Tiltak: Garasje
Byggestad: Stølsmarka 18, 5911 Alversund
Tiltakshavar: Arvik Breivik
Ansvarleg søker: Arkoconsult AS v/Lena Lekve

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett for garasje på gbnr 137/433 Stølsmarka 18.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om løyve til å plassere ei garasje nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Garasje er tenkt plassert på eksisterande parkeringsareal. Det er tidlegare etablert mur der garasje er tenkt plassert.

Vurdering/drøfting:

I søknad har ansvarleg søker opplyst om at leidningsnett ikkje ligg som vist på VA-kart. Tiltakshavar har no fått gravd frem kommunalt leidningsnett. Tiltakshavar har dokumentert at leidningsnett ligg på utsida av mur som er etablert. Mur er fundamentert på fast fjell.



Påvist plassering av kommunalt leidningsnett

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00



Mur fundamentert på fast fjell

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til offentlig leidningsnett på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gir, med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser» Kap. 3.4, dispensasjon frå avstandskrav til offentlig leidningsnett på vilkår:

- Avstand mellom næraste del av garasje og ytterkant kommunalt leidningsnett skal være minimum 1,0 meter. Avstand skal sikre at kommunen kan nytte maskinelt utstyr ved arbeid på kommunalt leidningsnett.
- Ei føresetnad for dispensasjonen er at det vert gitt byggeløyve etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor avstandskrav på 4,0 meter. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalt leidningsnett oppstår skader på garasjen, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av garasje skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Heimel

Vedtaket er eit enkeltvedtak som er fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Administrative bestemmelser» Kap. 3.4. Kommunen sett, i vedtak, krav til minste avstand mellom garasje og kommunalt leidningsnett for å sikre at kommunen får tilkomst til dette.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune ved byggesak
Arvid Breivik

Stølsmarka 18 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS